


20 SEPT. 1989



FISKERIRETTLEIAREN I HERØY

MØRE OG ROMSDAL



ÅRSMELDING 1988

FORORD.

Herøy kommune grensar i aust og nord til Ulstein kommune og Storfjorden. I sør mot Sande kommune.

Det er ei øykommune som omfattar delar av Gurskøya og øvane Skorpa, Nerlandsøya, Runde, Remøy, Leinøy, Bergsøy og Flåvær. Kommuna har 540 øyar, holmar og skjær, og har ei flatevidde på 130 kvadratkilometer.

Folketalet er no på rundt 8100.

6 av dei 8 øvane er no knytte saman med bruer som gjer det lett vint for folk å kome seg til kommunesenteret i Fosnavåg med Rådhuset og kommuneadministrasjonen.

Herøy kommune er ofte blitt betegna som "brukommuna".

INNHALD.

Kapitel.	Side
1. Rettledningstenesta si verksemd og funksjon	i
1.1. Kontoret	1
1.2. Personalet	1
1.3. Korrespondanse	1
1.4. Viktige prosjekt	1
1.5. Deltaking i utvalg, råd	1
1.6. Tjenestereiser utanom rettleiardistriktet	2
1.7. Nemnder og styrer for perioden 1988-1991.	2
1.8. Fiskerinemndaas verksemd i 1988	3
2. Fiskarmanntalet	4
3. Merkerregisteret	5
4. Fiskeflåten i Herøy	6
4.1. Ringnotflåten	6
4.2. Industritrål	6
4.3. Reke-trål	7
4.4. Kyst-og banklineflåten	7
4.5. Skjellskropera	8
4.6. Oppdrettsnøringa	9
4.7. Servise for fiskeflåten	10
5. Fiskeindustrien i Herøy	10
6. Garantikassen for fiskere	11
7. Tabell over levert fangst i Herøy 1988	13
Kart over lokalitetar i Herøy 1988	14

1. Rettledningstenesta si verksemd og funksjon./

1.1. Kontoret.

Kontoret ligg i sentrum av Fosnavåg. Det er rimelig god plass. Det er 2 kontorrom og eit mindre arkivrom. Eit av kontora er så stort at det kan nyttast til møterom for fiskerinemnda. Utstyret er det vanlege som ein treng. I 1987 fekk kontoret dataanlegg (PC).

1.2. Personalet.

Kommunane Herøy, Hareid og Ulstein var frå 1. august 1975 eit rettleiardistrikt. Fra 1. januar 1979 vart distriktet delt og Herøy vart eige rettleiardistrikt. Leiaren hadde nemninga fiskerisekretør, då stillinga var kommunal med delfinansiering frå fylkeskommuna.

Frå 01.01.82. overtok staten stillinga. Kontoret har i mestedelen av tida hatt kontornjelp utan stillingshjæmmel. løna av arbeidsmarkedsstaten. Kontoret har i 1988 hatt berre ein tilsett, fiskerirettleiar Odd Sævik.

1.3. Korrespondanse.

Ved kontoret har det i 1988 vore sendt 540 utgåande brev. Korrespondansen omfattar m.a. skriv til fiskarmanntal, Garanti-kassa, Statens Fiskarbank, Fiskeridirektoratet, kommuna, Fiskerisjefen. Og dei som naturleg er kontorets samarbeidspartnara.

1.4. Viktige prosjekt.

Ein kan ikkje peike ut spesielle prosjekt som er sers viktige. Lenka-prosjektet med klassifisering av sjøområda i kommuna kan kanskje betegnast som eit viktig prosjekt. Ellers er det vel vanskeleg å seia at det eine er meir viktig enn det andre.

1.5. Deltaking i utval, råd.

Fiskerirettleiararen er sekretør for fiskerinemnda, merkelovastilsvnsmann i Herøy, manntallsfører for Fiskarmanntalet. Deltek i møte i Teknisk Utval og Herøy Hamnestyre med tale og forslagsrett, men utan stemmerett.

1.6. Tjenestereiser utanom rettleiardioktriktet.

Informasjonsmøte i Kristiansund 12.-13. februar.
 Budsjettmøte i Ålesund 4. mars.
 Informasjonsmøte Garantikassen i Kristiansund 25.-27. april.
 Fiskerimesse i Trondheim 12.-13. august.
 Kontakt og informasjonsmøte i Ålesund 22.-23. september.
 Årsmøte i Ålesund for Sunnmøre Fiskarlag 11.-12. november.

1.7. Nemnder og styrer for perioden 1988 - 91.Herøy fiskerinemndMedlemer:

1. Anton Leine, 6094, leiar
2. Arne Sævik, 6094, nestleiar
3. Arnt Leinebø, 6094
4. Inge Nørø, 6094
5. Hans Sande, 6095

Pers. varamedlemer:

1. Jan Magne Kvalsvik, 6099
2. Knut Arne Høyvik, 6070
3. Åse Alnes Kvalsvik, 6099
4. Jonfred Kvalsvik, 6099
5. Hans Petter Leine, 6094

Fiskarbankens TakstnemndMedlemer:

- Odd Sævik, 6094, Leiar
 Knut Sævik, 6094, nestleiar
 Elias Tjervåg, 6070, motorkunnig

Varamedlemer:

1. Reidar J. Remøy, 6094
2. Svein Rune Gjerde, 6070
3. Alf Gunnar Skogen, 6080

Herøy HamnestyreMedlemer:

Charles Remø, 6094, leiar
 Magne Sævik, 6090,

Jan Magne Kvalsvik, 6099,
 nestleiar

Reidar Hole, 6090,
 Jonfred Kvalsvik, 6099,

Erling Husø
 Ragnhild Klungre Leine

Palmar Kleppe

Per Odd Paulsen, 6092

Personlege Varafolk:

1. Leif K. Igesund, 6090
2. Selma Håkonsholm, 6094
3. Marit Skogen, 6080
4. Jonny Sande, 6095
1. Reidar Remøy, 6094
2. Randi Arnesen Rønning, 6076
3. Kjell Moltu, 6076
1. Inge Nørø, 6094
2. Randi Arnesen Rønning, 6076
3. Isak Enerhaug, 6090
4. Leif Lervik, 6070
1. Knut Sævik, 6094
2. Ingrid Kvalsund, 6098
3. Paul Ragnar Kvalsund, 6095
4. Arne Jøso, 6080
1. Oddbjørg Remøy, 6094
2. Ragnvald Vågsholm, 6090
3. Hans Sande, 6095
1. Arnhild Abrahamsen, 6094
2. Kjell Olav Kleppe, 6080
3. Henry Berge, 6095

1.8. Fiskerinemndas verksemd i 1988

Det vart behandla 117 saker i nemnda i 1988. Møteverksemda vart redusert til eit minimum grunna reduserte bevilgningar. Det vart halde 21 møter, derav 13 minimøter, der var meir kurante saker behandla. Frå nemnda har det ikke vore merknader til sakene som har vore behandla på minimøta. Det var ei samla møte-tid på tilsaman 105 timar.

Saker til Statens Fiskarbank:

Det vart behandla 36 søknader om forlenga avdragstid på lån. Dei fleste vart innvilga, men til einiskilde tilsagn vart det hefta spesielle betingelser.

Det vart behandla 21 søknader om likviditetslån til kystflåten med ein samla sum på kr 5.306.959,-. 10 vart innvilga med tilsaman kr 1.125.000,-.

5 Søknader om redskapslån på tilsaman kr 1.620.000,-.

5 Innvilga med kr 1.040.000,-.

2 Søknader om valutalisens på tilsaman 80 millionar kroner.

Det blei i 1988 behandla 5 søknader om rentestøtte og lån på tilsaman kr 32.048.000,-.

Innvilga 8 søknader om rentestøtte, derav 5 søknader frå 1987 på tilsaman kr 19.857.500,-.

Lån i samband med rentestøtte på tilsaman kr 4.694.000,-.

Søknad om ordinære lån med 11,5% rente. 7 søknader på tilsaman kr 10.875.000,-. Innvilga 5 søknader på tilsaman kr 8.220.000,-.

5 Søknader om arbeidsmiljøtilskot på tilsaman kr 440.124,-.

1 Blei innvilga med kr 30.000,-.

Det vart og gjeve eit tilskot på kr 200.000,- til mekanisert linedrift.

Det var 4 søknader om kondemneringstilskott. Berre ein kom med i denne omgangen.

Det var elles behandla 4 søknader om løyve til å drive oppdrett av matfisk, og diverse reguleringssaker og andre saker som naturleg fell inn under fiskerinemnda.

2. FISKARMANNTALET.

Fiskermanntalet skal sikre ei registrering av alle som bur i riket og som har fiske og fangst som næring. Manntalet blir nytta ved tilståing av sosiale rettar og/eller støtteordningar som er gjeldande for fiskara og fangstfolk. Det er "billetten" ein fiskar må ha for å oppnå dei goder som tilkjem fiskarane med subsidier konsesjonar sjukeløn, ferietilskot, A-trygd og andre sosiale ordningar. Fiskerirettleiaren er manntalsfører i Herøy.

Utviklinga i antal fiskarar i Herøy på blad B fordelt på aldersgrupper for åra -82.-83.-84.-85.-86.-87.-88.

	<20 ant. %	<30 ant. %	<40 ant. %	<50 ant. %	>50 ant. %	Total ant. %
1982	49 9.0	166 30.5	107 19.7	101 18.6	120 22.0	543 100
1983	65 11.5	168 29.5	120 21.0	95 16.7	127 16.3	569 100
1984	53 8.7	203 33.6	126 20.9	100 16.6	121 20.1	603 100
1985	71 11.9	199 33.4	117 19.7	99 16.6	109 18.3	595 100
1986	70 10.3	235 34.8	149 22.0	103 15.2	119 17.6	676 100
1987	74 10.2	256 35.6	153 21.2	108 15.2	121 15.0	719 100
1988	101 14.2	241 33.8	157 22.0	107 15.0	107 15.0	713 100

Reglane for å stå på blad B er strenge. Det krevst mellom anna at vedkommande antas å få minst 20 vekers full beskjeftigelse i fiske og fangst.

For å stå på blad A er reglane meir vidtfermande. Dette er serleg gjort for at eldre pensjonerte fiskara og fiskara med uførepensjon skal ha rett til å stå der.

På blad A stod der i 1986 91 personar, i 87 92 personar og ved utgangen av 1988 var det 93 personar som stod på blad A.

Det er framleis god rekrutering til fiskeria i Herøy.

Det var tilsaman 66 nvinnmeldingar på tilleggslista på blad B i Herøy i 1988.

Fiskeflåten i Herøy pr.31.12.87: Storleik byggeår,avgang/tilgang 1987

Lengde i meter	Antall farty				Byggeår							
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1/1 1930	Før 1/1 1940	Før 1/1 1950	Før 1/1 1960	Før 1/1 1970	Før 1/1 1980	Etter 1980	Totalt
Under 9.99 m	236	19	5	224	1	1	7	27	27	106	55	224
10 m -14.99 m	26	2	8	32			1	2	2	6	21	32
15 m -19.99 m	6			6	2			2			2	6
20 m -24.99 m	5	1		4	2			1	1			4
25 m -29.99 m	3	1		2				2				2
30 m og over	36	4	2	32			1	7	6	13	5	32
Totalt	312	27	15	300	5	1	9	41	36	125	83	300

Fiskeflåten i Herøy pr.31.12.88: Storleik byggeår,avgang/tilgang 1988

Lengde i meter	Antall farty				Byggeår							
	Status pr.1/1	Avgang	Tilgang	Status pr.31/12	Før 1/1 1930	Før 1/1 1940	Før 1/1 1950	Før 1/1 1960	Før 1/1 1970	Før 1/1 1980	Etter 1980	Totalt
Under 9.99 m	224	14	4	214	1	1	6	23	24	105	54	214
10 m -14.99 m	32	3	3	32				2	3	6	21	32
15 m -19.99 m	6	0	0	6	2			2			2	6
20 m -24.99 m	4	1	0	3	1			1	1			3
25 m -29.99 m	2	0	0	2				2				2
30 m og over	32	3	4	33			1	6	5	15	6	33
Totalt	300	21	11	290	4	1	7	36	33	126	83	290

4. FISKEFLÅTEN I HERØY

1988 var eit rimelig godt økonomisk år for Herøyflåten sett under ett, sjølv om det var tildels store variasjonar for dei forskjellige grupperingane. For heile flåten var verdien av ilandbrakt fangst ca kr. 342 millionar. Dette var ei auke på ca 40 millionar kr frå 1987, trass i at verdien av skjellfangsten gjekk ned med tilsvarende.

4.1. Ringnotflåten:

Ringnotflåten er den dominerande flåtegruppa i Herøyflåten. I 1988 var det 15 fartøy med ein samla konsesjonskapasitet på 136.400 hl. I tillegg ein "sovande" konsesjon på 8.500 hl. Sjølv om det har vore restriksjonar på utskifting og nybygging kan ein vel trygt seie at ringnotflåten er både tidsmessig og effektiv.

Samla fiska ringnotflåten for kr. 154,5 millionar i 1988. Det var tildels store variasjonar i bruttofångst for dei einsskilte båtane. Fra 16 millionar for dei beste til knapt halve for dei som hadde minst fangst.

Den auka innteninga for flåten er i hovudsak grunna i høgare råstoffprisar og ikkje så mykje auka kvantum.

Det har og vore levert meir til konsum enn det har vore før om åra.

Brutto fangstinntekt for ringnotflåten i Herøy:

1984: kr. 121.321.000,-
 1985: kr. 125.000.000,-
 1986: kr. 127.000.000,-
 1987: kr. 113.000.000,-
 1988: kr. 154.000.000,-

Tre av ringnotfartya i Herøy driv ikkje kolmuletråling. Ein av desse vart på slutten av året selt til utlandet.

4.2. Industri-trål

Herøy har 5 farty som driv industri-tråling. Sjølv om det i hovudsak er eldre farty er dei i siste åra modernisert og påkosta stora summar og er no i god stand. Dei dreiv industri-tråling kombinert med konsumfiske mestedelen av året. Dei har og sidan 1984 hatt ei lita kvote med norsk vårgytande sild.

Brutto fangst for industri-trålarane 1985-1988.

1985: kr. 15.000.000,-
 1986: kr. 19.000.000,-
 1987: kr. 25.000.000,-
 1988: kr. 19.500.000,-

I 1987 var det eit uvanleg godt år for Nordsjøtrålarane. Det var eit godt fiske etter tobis som ga auka utbytte. 1988 er vel meir ett normalår.

Industrietrål (forts).

Trålskadeerstatningane grunna oljeverksemda gjekk munaleg ned i 1988. For dei 5 trålarane frå Herøy vart det i 1987 betalt erstatning med kr. 551.060.- for 17 skader. I 1988 vart det berre 5 skadekrav som vart innvilga med kr. 119.980.-. Det er vel grunn til å tru at opprudsingsarbeidet som har vore gjort har hatt ein positiv effekt.

4.3. REKETRÅL.

Herøy har i 1988 hatt 5 rekefrysetrålalarar. 4 av dei har også sokalla "Grønlandskonksesjon". Den eine forliste på Svalbard i slutten av året.

Etter at reka forsvann i Barentshavet synes det no som om ho er veksande igjen. Herøyflåten har fiska på felta rundt Jan Mayen, Svalbard og i Grønlandstredet. Fisket har vore jamnt bra og verdien auka med ca 3 millionar, trass i. at ein båt vart seld ut av kommuna. I oktober gjekk og nye "Jan Mayen" på feltet og kom heim før jul med ein rekordfangst på 15 millionar.

Bruttofangst for reketrålalarane 1985-1988.

1985:	kr. 59.000.000,-
1986:	kr. 82.000.000,-
1987:	kr. 88.000.000,-
1988:	kr. 91.000.000,-

4.4. KYST-OG BANKLINEFLÅTEN.

Gruppa som omfattar line, garn og kystnot er den største i antal, og det er vanskeleg å anslå det totale økonomiske resultat for dei einsskilte grupperingane.

Sjarkflåten var vel den som kom svært dårleg ut i 1988. Ein kan vel seie at det økonomiske resultat for denne del av flåten som heilheit minka med 30-40%. Det varierte sjølvsagt mykje fra båt til båt. Autolinerane hadde eit rimelig godt utbytte, alle forhold tatt i betraktning. For heilårsdrevne garnbåtar var fyrste halvåret brukbart, men hausten var heilsvart.

Bruttofangst for gruppa.

1985:	kr. 31.000.000,-
1986:	kr. 46.000.000,-
1987:	kr. 47.000.000,-
1988:	kr. 38.000.000,-

Nedgangen i inntekta i 1988 skuldast både lågare pris og lågare kvantum.

4.5. SKJELLSKRAPER.

I 1985 og 1986 kom skjellskraping i fokus i media. Ei næring det vart stilt store forventningar til. Meiningsane i fiskerikrinsar var delte korvidt dette var ei næring å satse på. Mange meinte at det var alt for lite forska på denne resursen til å slippe laus ein stor flåte, men fiskerimyndigheitene vart på ein måte "tatt på senga". Og satsa vart det. Berre i Herøy omlag 200 mill. kroner.

Reiarlag i Herøy fekk 2 nybygde skjellskrapara og i tillegg vart ein reketralar og ein supplybåt bygd om til å skrape skjell. Dei kom i drift siste halvår i 1986 og dei fyrste turane svarde til forventningane. Prisane var overaskande gode og optimismen steig då det såg ut som om markedet var istand til å avta betydelige kvanta.

Men problema melde seg snart. Prisane rasa nedover og produksjonsutstyret ombord i fartva var ikkje tilfredstillande. Det vart mykje prøving og feiling, og utgifter til utskifting av produksjonsutstyret og vedlikehald var store. Det viste seg og at skjellfelte vart utfiska forare enn rekna med, og i 1988 måtte dei fleste gi opp. Berre ein av Herøybåtane kom seg ut, og den grunnstøtte og forliste på slutten av 1988, og tilsynelatande var skjelleventyret ute. For Herøy betydde det at over 100 arbeidsplassar gjekk tapt. Av dette ein stor del for kvinner. Kvinnelige arbeidsplasser er det stor mangel på i Herøy.

I ettertid er det vel lett å seie at satsinga var galskap, men det var ikkje så mykje fangstprognosane som var gale. Det var dei store kostnadane med utbetring og skifting av produksjonsutstyret som var hovudårsak til at rederia gjekk overende.

Bruttofangster for skjellskraparane 1986-1989:

1986: kr. 18.000.000,-
 1987: kr. 48.000.000,-
 1988: kr. 9.000.000,-

I året som gjekk vart det også innkjøpt ein fabrikktrålar til Herøy.

Totalt minka Herøyflåten med 12 farty, men det var i hovudsak mindre farty som vart seld ut av kommuna. Talet på større farty heldt seg nokolunde på same nivå.

Oppdrettsnæringa.

I Herøy er det 4 anlegg for oppdrett av laks og aure. Det er eit landbasert anlegg for kveite og dei har og konsesjon for oppdrett av torsk i sjø. Det er og eit settefiskanlegg med ein konsesjon på 360.000 stk. smolt.

Oppdrettsanlegga i Herøy har alle gode lokaliteter med rimelig gode djupteforhold og straumforhold. Dei har vore heldige og har ikkje hatt nemneverdige plager med sjukdom i året som gjekk.

Møre Marinfisk A/S på Eggesbønes driv det landbaserte kveiteanlegget. Dei er ikkje kome igong med oppdrett av kveitevngel, men har inntil no basert drifta på produksjon av kveiterogn som blir sendt til Sea Farm i Hordaland som førebels har ansvaret for klekking og startforing. Torskeyngelen vart utsett i 1988 og dei reknar med salg av den fyrste framföra torsk i slutten på 1989.

Produksjon og Verdi.

1987.

3 anlegg. Produksjon: 681 tonn. Verdi kr. 30.000.000.-
Gjennemsnittspris, totalt kr. 44.-.

1988.

4 anlegg. Produksjon: 945 tonn. Verdi kr. 35.000.000.-
Gjennemsnittspris, totalt kr. 37.-.

Settefiskanlegget selde heile sin produksjon i året som gjekk.

Det er to lakseslakteri i Herøy. Eit i Fosnavåg og eit på Moldtustranda. På Moldtustranda kom dei igong i slutten på 1988, medan det i Fosnavåg har dreve sidan 1986. Dei er begge heilt moderne slakteri med stor kapasitet.

Det er ei betydeleg interesse for oppdrett i Herøy, men det er ikkje svært mange høvelege gode lokalitetar igjen i kommuna. Lovfesta avstand millom anlegga er no 1000 meter, men med aukande sjukdomsutbrot og smittefare er det vel berre eit tidsspørsmål når veterinærmyndighetene utvidar denne avstanda.

Det ligg to søknader for torskeoppdrett i sjø og to søknader om landbasert kveiteoppdrett til behandling i systemet som det ikkje er kome svar på ved utgangen av året.

Matfiskanlegga og settefiskanlegget sysselset no 21 personar med 24 årsverk.

Servise for fiskeflåten.

Herøy har to skipsverft som driv med skipsbygging og reparasjon av større farty. Det eine har flytedokk som kan ta farty opp til 60 meters lengde. Det er elles fleire små verksemdar som tar på seg reparasjon og vedlikehald av mindre farty.

I Fosnavåg er det og eit notbøteri med skipshandel. Dei har og servise for redningsflåtar. På Eggesbønes er det og notbøteri. Dei driv og med opplagsplass for mindre båtar.

Det er to reidskapsfabrikkar i Herøy. Den eine og med ein assortert skipshandel. Fabrikkane er i seinare åra mykje fornva, og dei leverer produkta sine over heile landet. Bøteriar og reidskapsfabrikkane sysselset i periodar 50-60 personar, og ein stor del av dei er kvinner. Utviklinga med stendig meir elektroniske og elektriske apparatar ombord i fiskebåtane set store krav til ettersyn, vedlikehald og nyinnstallasjonar. Det er ei forretning i Herøy som har spesialisert seg på dette og ei anna driv også i bransjen, men i mindre målestokk.

Nokre få rederi har eigne kontor, men dei fleste leiger teneste ved etablerte rekneskapskontor. Det er fleire av dei i kommuna og Skipsregnskap A/S er det største. Dei har rekneskap og tildels administrasjon for dei fleste større farty i kommuna.

Fiskeindustrien i Herøy.

Herøy har ein variert fiskeindustri. Det er 3 verksemdar som produserer salt/klipp- og tørrfisk.

Det er 2 hermetikkfabrikkar, eit større fryseri, 3 røykeri og ein sildoljefabrikk. Sildoljefabrikken er idag den største arbeidsplassen i Herøy med 41 ansette.

Sildefiskernes Fabrikklag, Moldtustranda.

Råstoffmottak i HL. 1987.

Råstoffmottak i HL. 1988.

Nordsjøsild:	70.576 hl.	Vintersild:	4.945
Kolmule:	403.734 hl.	Nordsjøsild:	14.651
Makrell:	128.233 hl.	Kolmule:	523.523
Augepål:	42.146 hl.	Makrell:	154.394
Tobis:	11.985 hl.	Augepål og Vassild:	41.586
Vinterlodde:	81.528 hl.	Tobis:	24.407
Sumarlodde:	41.976 hl.	Vinterlodde:	83.415
Annet:	21.349 hl.	Sumarlodde:	12.916
1987	801.527 hl.	Annet:	10.997
1986	921.012 hl.	1988:	870.834
1985	876.674 hl.		
1984	834.850 hl.		
1983	708.848 hl.		

Dei to hermetikkfabrikkane har eit stort produktutval. Dei sysselsette tilsaman omlag 60 personar, derav 46 kvinner. Samla sysselset fiskeindustrien omlag 132 personar med omlag 105 årsverk.

GARANTIKASSEN FOR FISKERE:

Garantikassen for fiskere i Trondheim blei oppretta 1. jan 1980 og administrerte i 1987 ordningane med garantilott (minstelott), feriepengar, arbeidsledighetstrygd og refusjon av forsikringspremie for fiskere.

Ferieordningen.

Lov om ferie for fiskere omfatter alle som utfører arbeid ombord i farty, og får sin godtgjørelse med lott, hyre.lønn eller tilsvarende måte.

Feriepengane består av innbetalt avgift frå den enkelte fiskar og eit beløp avsett over fiskeristøtten. (Statsandel)

Feriepengar fekk ein når fylgjande forhold var oppfylt:

-hadde minst 2 veker på fiske i opptjeningsåret

-sto oppført på Blad B i fiskarmanntalet, eller fyllde betingelsene for opptak på Blad B.

For Herøy vart det utbetalt fylgjande beløp i 86 og 87 og 88.

1986:

Antal personar:	Eigenandel.	Statsandel.	Total.
564	Sum:kr.2.363.555.-	kr.1.843.154.-	kr.4.206.709.-
	Gj.snitt:kr.4.190.-	kr.3.260.-	kr.7.458.-

1987:

Antal personar:			
622	Sum:kr.2.283.572.-	kr.1.597.469.-	kr.4.421.041.-
	Gj.snitt:kr.4.539.-	kr.2.568.-	kr.7.107.-

1988:

Antal personar:			
617	Sum:kr.3.069.607.-	kr.1.652.064.-	kr.4.721.671.-
	Gj.snitt:kr4.638.-	kr2.627.-	kr7.266.-

Arbeidsledighetstrygd.

Omfattar alle fiskerar oppført i manntalets Blad B sysselsett ombord i merkeregistrert farty. Rett til A-trygd har ein ved ei rekke tilfelle når fartvet er sett ut av drift, f.eks ved forlis, havari, ishindringar o.s.v. Dagpengesatsen var kr.186.- pr.dag 6 dagar pr.veke.

A-trygd ordningen blir finansiert innafor det beløp som fiskarne betaler inn i produktavgift ved førstehandsomsetning av fisk og fiskevarer.

Utbetalt til Herøy 1986.

Garantiperiode	Beløp	Krav	Dagar
1. (02.01-30.04)	kr.293.694.-	103	1579
2. (01.05-31.08)	kr.187.689.-	182	964
3. (01.09-23.12)	kr.154.306.-	83	885
Sum	kr.626.689.-	368	3428

Utbetalt til Herøy 1987.

Garantiperiode	Beløp	Krav	Dagar
1. (02.01-30.04)	kr.310.786.-	130	1701
2. (01.05-31.08)	kr.324.198.-	152	1743
3. (01.09-23.12)	kr.199.578.-	115	1073
Sum	kr.834.562.-	397	4517

Auken på over kr.200.000.-for utbetalt A-trygd i 87 kjem mest frå gruppa havari.

Forts.

A-trvqd (Forts).

Utbetalt til Herøy i 1988.

Garantiperiode	Beløp	Krav	Dagar
1. (02.01-30.04)	kr. 562.000.-	118	3.051
2. (01.05-31.08)	kr. 256.000.-	97	1.395
3. (01.09-23.12)	kr. 447.000.-	79	2.431
Sum	kr. 1.265.000.-	294	6.877

Garantiordningen (Minstelott).

Ordninga omattar alle fiskerar på farty som var førd inn i merkeregisteret for norske fiskefarty, soframt fisket var dreve minst 22 dagar og høvedsmannen sto på Blad B i fiskarmanntalet. Tilskotet frå GFF blei rekna ut på grunnlag av oppnådd lott og tid i fiske. Fiskaren blir dermed sikra ein minsteinntekt under fisket hvis ditte heilt eller delvis slår feil.

Det ordinære vekebeløp i 1987 utgjorde kr. 1.350.- med ein eigengaranti i kvar garantiperiode på 5 veker. Som eit ekstraordinært tiltak blei imidlertid i 1. garantiperiode 1987 auka til kr. 1700.- og krava til eigengaranti blei auka til 7 veker.

Garantilott utbetalt til Herøy for 1986-87 og 88.

1986.

Garantiperiode	Beløp	Ant. farty	Ant. mann
1. (02.01-30.04)	Kr. 553.200.-	15	52
2. (01.05-31.08)	Kr. 461.200.-	12	36
3. (01.09-23.12)	Kr. 177.000.-	11	21
Total	Kr. 1.191.400.-	38	109

1987.

1. (02.01-30.04)	Kr. 466.300.-	26	65
2. (01.05-30.08)	Kr. 322.300.-	27	70
3. (01.09-23.12)	Kr. 294.400.-	18	36
Total	Kr. 1.083.000.-	71	171

1988.

1. (02.01.-30.04)	kr. 833.600.-	41	77
2. (01.05.-31.08)	kr. 460.900.-	26	65
3. (01.09.-23.12)	kr. 609.100.-	33	64
Total	kr. 1.903.600.-	100	206

Ytingane frå Garantikassen for garantilott auka dramatisk i 1988. Det var serleg fyrste og siste garantiperiode at aukinga var størst. Torskfisket om vinteren var i stor grad mislukka for dei fleste som dreiv det, og om hausten var fisket for ein stor del veirhindra.

Av tala gærdet tydeleg fram at det er kvstflåten med ein- og tomannsbåtar som har hatt størst behov for stønad frå garantikassen.

FISKE SORT

LEVERANSE HOVEDPRODUKT

	FRERSKVEKT	RUNDVEKT	UTBETALT	OMSATT	HEKTOLITER	ROGN AV VEKT	UTBETALT.
AL	4,955	4,955	128,548	128,548	0		
LODDE	10,064,720	10,064,720	6,132,502	5,602,064	103,760		
STRØM-/VASSILD	2,908,000	2,906,000	1,466,095	1,425,943	29,060		
KVEITE	62,293	84,095	1,790,430	1,790,384	0		
BLÅKVEITE	39,788	47,746	283,934	283,934	0		
ANNEN FLYNDRE	1,252	1,503	6,325	5,190	0		
BROSME	407,977	571,168	2,409,033	2,255,056	0		
ANNEN TORSK	1,901,440	2,662,016	17,849,120	17,671,646	0		
LYSING	4,020	5,628	19,629	19,585	0		
LANGE	335,069	469,097	3,500,178	3,428,851	0		
BLÅLANGE	18,256	25,558	138,297	136,960	0		
HYSE	684,757	958,661	5,478,678	5,318,340	0		
SEI	1,807,310	2,439,869	7,926,574	7,731,919	0		
LYR	6,461	8,399	28,361	26,179	0		
ØYEPÅL	1,193,800	1,193,800	681,109	452,751	11,938		
KOLMULE	48,164,116	48,164,116	24,355,292	23,693,566	523,523		
STEINBIT	33,084	54,589	178,577	178,568	0		
TOBIS	2,440,700	2,440,700	1,608,823	1,492,881	24,407		
UER	302,853	499,707	2,506,326	2,504,599	0		
BREIFLABB	7,191	20,134	144,602	143,651	0		
FEITSILD	889,553	889,553	1,567,901	1,612,032	9,565		
VINTERSILD	560,966	560,966	456,861	407,016	6,031		
NORDSJØSILD	2,029,435	2,029,435	1,932,448	1,837,288	21,821		
MAKRELL	106,804	106,804	201,757	396,804	1,186		
PIGGHR	4,180	5,435	11,848	6,694	0		
SKATE/ROKKE	35,991	35,991	90,811	90,101	0		
HUMMER	85	85	8,275	8,275	0		
REKE	1,982,811	1,982,811	47,121,581	47,121,581	0		
AKKAR	187	375	1,818	1,818	0		
USPESIFISERT	103	103	47,530	47,530	1	55,526	671,813
HODER	0	0	11,673	11,673	0		
TOTALT	75,996,155	78,234,026	128,084,936	125,831,427	731,294	55,526	671,813

Eksisterende lokaliteter for
oppdrett i Herøy. 1988

- ▲ Laks og aure
- Torsk
- Landbasert kveite
- X Settefisk

